

Tlf. 816863 , 4270 Åkrehamn.

Åkra kyrkje.

Åkra nye kyrkje blei innvigd 10.november 1985 av biskop Sigurd Lunde.
Kva tid den første kyrkja blei bygd i Åkra sokn på Karmøy er det
truleg ingen som veit sikkert.

Men i ein visitasmelding frå Avaldsnes i 1301 står det om Håkon
prest på Åkra. På 1500 talet var det kyrkjeskatt der, og i 1563 er
namnet Ockere kirke nemnt.

Den gamle kyrkja som nå står på Åkra blei bygd i 1820.

Den blei for liten, og då kyrkjelyden heller ikkje hadde menighetshus,
blei det vedtatt å byggja ei arbeidskyrkje med barnehage til.

Under planlegginga blei barnehagen skild fysisk frå sjølve kyrkje-
bygget og bygd på sida av kyrkja med eit tun og gardsplass i mellom.
Kyrkja og barnehagen ligg omlag 200 m. frå den gamle kyrkja, men på
andre sida av riksvegen.

På nordsida , omlag 70-80 m frå kyrkja er kyrkjegarden, på austsida
den vidaregåande skulen, og på sørsida er ungdomsskulen.

Kyrkjetomta er romsleg med god parkeringsplass.

Lendet er flatt og kyrkja er bygd på sandgrunn slik som dei fleste
husa i området.

Men kyrkjegrunnen er heva noko slik at det er blitt ein slak bakke
opp til bygget.

Kyrkjetårnet er frittståane i ytre kant av den steinlagde uteplassen.
I tårnet, som er av betong, heng 3 kyrkjeklokker frå Olsen Nauen.

Ringemaskinen kan styrast frå kyrkjerommet.

Det er to inngangar på sørvest sida. Hovudinngangen ligg på ein akse
frå klokketårnet gjennom kyrkjerommet og til alteret.

Den andre inngangen er meir til bruk for kyrkjestova og menighets-
salen. Mellom inngangane er det eit overbygg eller halvtak.

Kyrkjerommet har kvadratisk grunnflate. Alteret ligg i hjørnet mot
aust. Det er overlys over alteret. Taket har tilnærma pyramideform.
Kvadratet og trekanten er hovudformene i bygget.

Trekanten er symbolet på den treeinige Gud, kvadratet er symbol for
jorda.

Taket inne i kyrkjerommet er kledd med ubehandla furupanel. Dragarane er mektige og er med og understreker bærekrafta ovanfrå og retningen mot altaret. Veggene er i raud-brun teglstein med grå bæresøyler der merke etter bordforskalinga er tydeleg, endå betongen er måla i ein lys gråfarge. Golvet er lagt med brune keramikkfliser, og det ligg ein naturfarga kokosløpar i midtgangen.

Akustikken for tale er ikkje god. Det har vore vanskeleg å få høgtalarar anlegg til å fungera godt. Etterklangstida er noko lang.

Etter den siste justeringa av høgtalarane er høyretilhøva blitt gode. Akustikken for song og musikk er bra. Både vokal- og instrumentalklangen ber godt i heile rommet. Musikkgrupper som bruker stor lydstyrke har klaga på at det er vanskeleg å justera lyden slik dei vil ha han.

I kyrkjerommet er det teleslynge som fungerer fint.

Ved sida av kyrkjerommet er det ei faldedor som fører inn til menighetssalen. Når kyrkje og menighetssal blir bruks under eitt, er det rikeleg plass til 600 personar, og med opne dører inn til lagerrom v. menighetssalen kan det nok forsvarast å ha over 700 i kyrkja.

Den store faldedor har ikkje vore like lett å få opp i ein fart når kyrkjerommet er blitt fullt. Men det og har dei greidd å retta på nå. Frå menighetssalen kan ein gå ut i hovudinngangen, der det er lause garderobestativ, og der er ei sittegruppe i den andre kanten av gangen. Denne gangen er så romsleg at han blir bruks til å servera mat t.d. ved kyrkjekaffi eller andre store tilstellingar.

Kjøkkenet ligg ved sida av menighetssalen. Der er det stor konfyr, kjølerom, oppvaskmaskin og anna som høyrer til. Kjøkkenet kunne godt vore større, av og til må gangen tas til hjelp som avlasting.

På andre sida av kjøkkenet mot vest, er ei kyrkjestove, me kallar. Det er eit rom som tar 70-80 personar. Der er sittegrupper og småbord. Det blir bruks til samlingsrom for foreningar og mindre møte. På austsida av kyrkjesalen er det bygd ein fløy som inneheld sakristi, dåpsventerom/møterom og kontoravdeling.

Kontoravdelingen blei innreia av menigheten med stort tilskott frå kommunen. Denne avdelingen var ferdig vel to år etter at kyrkja var tatt i bruk. Der er 2 store og 4 små kontor. Gangen er samstundes venterom. Eit lite tekjøkken ligg ved sida av dåpsventerommet, og det er eit stellerom for dåpsbarna like ved.

Dette tekjøkknet gjer teneste som oppvaskrom ved nattverd i kyrkja, men det er nok litt liten plass der.

Om kvardagane kan dåpsventerommet brukast av dei tilsette når dei har matpause.

Det er kjellar under heile bygget så nær som under kontorfløyen. Tilfluktsrommet med tilhøyrande toalettanlegg var ferdig då kyrkja blei tatt i bruk.

Ungdommane brukte då dette rommet til spel, musikk og anna småkos. Dei fekk ein del gamle møbler frå folk og sette inn der, og dei stelte til ein slags "kiosk" der dei selde brus, sjokolade og liknande. Nå har menigheten innreia rom for ungdomsaktivitetar med hjelp av dugnad og innsamla midlar.

Det låg føre plan frå arkitekten over rominndelinga, og råbygget var med i byggrekneskapen. Avdelinga har eigen inngang slik at romma kan brukast uavhengig av resten av bygget.

Avdelingen har to oppholdsrom som er møblerte. Der er kjøkken, toaletter kombinert vaske - og mørkerom. Omlag 350 m^2 er ferdig.

Kjellaren under kyrkjesalen er ikkje ferdig ennå. Der er lagt inn lys og pussa golv. Rommet blir brukta til bueskyting og til kjøring med små radiostyrte bilar. Det er eit rom på over 400 m^2 .

Eitt av romma i kjellaren blir brukta til konfirmantundervisning og til korøving. Ventilasjonen er ikkje heilt i orden ennå, så det er ikkje tilfredsstillande når der er mange folk inne.

Ungdomsavdelinga blei tatt i bruk hausten 1988. Alle rom er lagt til rette for rullestolbrukarar.

Inventar og liturgiske møblar.

Sitjeplassene i kyrkjerommet er benker i lakkert furu med stoppa rygg og sete. Fargen er nærmest raud-fiolett og gjev eit roleg og godt synsintrykk. Benkene er særslig gode å sitja i.

Det er gjerne litt for freistande og lettvint å setja beina opp på setet framforbi. Det vil snart bli støv og skitt på bakre kant av benken. Øvst er det ei smal hylle til salmeboka.

I menighetssalen er det stolar med same farge på stoppinga.

Stolane er i tre, og solide og pene.

Det er kjøpt inn stablebord til menighetssalen som blir lagra i eit siderom når dei ikkje er i bruk. Det er praktisk og greitt.

Dei liturgiske møblane er enkle og vakre. Altarbord, døypefont og lese-pult har overflate med endeveden opp. Det blir eit vakkert mønster med jamne kjerneværd-rundingar i lysare geiteved.

Det er blitt nokre sprekkar i veden, men det er ikkje slik at det skjemmer.

Altarbordet er slik at det kan brukast frå begge sider. Det er praktisk, fordi somme prestar gjerne vil ha det på den eine måten og andre vil ha det annaleis.

Bakveggen på altaret er av raudbrun teglstein opp til ca 4 m høgd. Då held furuveggen fram opp til taket.

Det var meiningsa at det skulle komma ein kunstnarleg utsmykking på altarveggen. Som ei førebels ordning blei det laga ein enkel kross med ring rundt midt på altarveggen.

Folk er blitt svært glade i dette symbolet på den tome krossen og sigerskransen i naturfarga furu.

Det er ikkje tatt standpunkt til om det skal komma eit større kunstverk over altaret.

Kyrkjesalen er opplyst med lysekroner med glaskuplar. Langs veggene er det lampettar med same slags kuplar. Det er demping på alle lys, men det er lite brukt.

I golvet er det varmekablar som gjev ein viss grunnvarme. Elles blir romma oppvarma med varmluft frå eit anlegg i kjellaren.

Kontorfløyen har og varmekablar og panelomnær. Der er eige varmegjenvinningsanlegg og ventilasjon.

I kjellaren er det og golvvarme kombinert med panelomnær.

Kyrkjesalen har fuktigasanlegg kopla til ventilasjonsanlegget.

Det har vore problem med lekkasje i røyrane nærmast der som den fuktige lufta kjem inn i anlegget. Fukttinga er naudsynt for orgelet.

Det er bra lydisolasjon mellom romma i kyrkja og mellom etasjene.

Alle rom er tilrettelagt for rullestolbrukarar.

Orgelet blei planlagt samstundes med kyrkja.

Byggekomiteen var og orgelkomite. Komiteen fekk knyta til seg ein organist som orgelkonsulent. Denne organisten var og medlem av det kyrkjemusikalske rådet i bispedømmet. Konsulenten samarbeidde med arkitekten og blei spurt til råds i saker som hadde med kyrkjerommet å gjera.

Det blei valt eit hollandsk firma til å byggja orgelet på 22 stemmer, Verschuren orgelbyggeri i Heythuysen.

Orgelet er bygd etter gamle prinsipp og med berre naturlege materialar, lys eik, og tangentar i bein og ibenholt, og sjølvsagt mekanisk overføring frå spelebordet. Legeringa i pipene held seg svært godt mot korrosjon. Sjølve eksteriøret på orgelet er tilpassa kyrkjerommet sin arkitektur.

Både organist og menighet er svært godt nøgde med orgelet, og er stolte over at det er det første hollandske kyrkjeorgelet i Norge i nyare tid. Seinare er det komme fleire hollandske orgel til landet. Det ser ut til at norske organistar og andre som har med kyrkjemusikk å gjera, har fått augo opp for dei kvalitetar som finst i hollandsk orgelbyggjekunst.

Kyrkja har hatt besøk av fleire gjesteorganistar, og orgelet har fått god kritikk.

Funksjon, drift og vedlikehald.

Me har hatt problem med høgste kyrkjetaket. Det har vore lekasje der i ein spesiell vindretning. Det blei og ein stormskade i ein orkan for eit par år sidan. Då fauk ein del kjølar av. Etter reparasjonen har det vore betre, men heilt i orden er det ikkje ennå. Meininga er at ~~det~~ nå i sommar skal fagfolk vurdera kva som må gjerast. Det kan ikkje halda fram med at det dryp ned på altaret i regnver og kuling. Og det er verhard på Åkra.

Straumutgiftene synest å vera for store. Ein mann som soknerådet har peika ut, skal saman med kommunen sin en øk. konsulent gjennomgå opplegg, termostatstyring og nattsenking m.m. for å prøva å få utgiftene ned.

Det er lite av utsmykking i kyrkja. Utvendig er det ein kross på høgste taket, innvendig ein kross på altarveggen. Dessutan har ein fått to vakre teppe, eitt i kyrkjstova og eitt i menighetssalen. I gangen er det plass for formingsarbeid som barnehageelevane gjer. Men den nye kyrkja har inspirert gjevargleda, så det kjem nok bra kunst til bygget etter kvart!

Ein kan nemna at til innviinga så fekk kyrkja to piano. Eit stort konsertpiano av dei to bankane i bygda, og eit vanleg piano frå eit medlem i menigheten.

Ein har fått pengar slik at det kunne kjøpast piano til sokkeletasjen og, og frå før hadde ein eit piano som ein flytte over frå gamlekyrkja.

Lysestakane på altaret er kjøpte for ei pengegåve frå ein utflytta familie i US A. Elles flytte ein over mattverdsølv og dåpsfat frå den gamle kyrkja. Dette er folk vel nøgde med. Kalken er ein klenodie der midtstykket er frå mellomalderen, og dåpsfatet reknar ein er frå 1700 talet.

Det blir gjerne for lite lagerrom i kyrkjebygg. Det ser ut til at med god og gjennomtenkt utnytting, får ein plass til mykje. Det er kjøpt inn gode skap, og det blir vurdert nøyne kva som bør skaffast etter kvart. Pengar til slike ting har ein fått med utlodningar kvart år.

Det er nokon som har klaga på at det ikkje er dagslys i menighetssalen. Særleg går folk til når dei er der og steller midt på dagen og går ut og inn i rom som har dagslys. Å få til dagslys i den eine veggen vil by på visse problem, så det spørst om det er brytet vert.

Elles er det for det meste berre nøgde brukarar. Små detaljar, t. d. at hjørna i ein gang er avrunda for å gjera det lettare å gå forbi, blir lagt merke til.

Kyrkja er bygd i betong med bordforskaling. Ho er umåla utvendig. Det er vedtatt at skal kyrkja målast, skal det brukast ein tilnærma kvit farge. Men meiningane om måling eller ikkje, er delte. Kommunen vil ikkje løyva pengar til det, så det må i såfall menigheten kosta sjølv.

Vindusprossane er brune, dørene er i olja teak. Taket er skifertak. Det er vanleg materiale til tak på større bygg i området, og på eldre bustadhús.

Kyrkja sin stil er utradisjonell. Men han er godtatt av fleirtalet i sokna.

Dei fleste synest kyrkja er vakker og ligg fint i landskapet.


Somme tilreisande gir av og til uttrykk for at det er ei merkeleg form på ei kyrkje. Andre seier at dei har sjeldan sett eit så vakkert og stilfullt kyrkjebygg frå vår tid.

Dei som bruker kyrkja er blitt glade i henne. Og glade for at ho er kommen der, For det og er nesten som eit under. To tre år seinare,- og det hadde ikkje voré mogleg og få bygt ei slik kyrkje. Det var mest som ein kan seia at tida var fullkommen. Det var lite arbeid i byggebransjen her i 1984, og dermed fekk ein svært gunstige tilbod. Kommuneøkonomien var god, og dette store bygget gav arbeid til mange i lokalsamfunnet. Nybygget samla menigheten og mange nye folk blei aktive og ville vera med og gjera ein innsats.

Det er vel ikkje tvil om at kyrkjesenteret i Åkrehamn er verkeleg god arkitektur. Det er vakkert og funksjonelt. Arkitekt er Bransberg-Dahl, Stavanger. Åkra sokn har fått eit gudshus som vil stå i generasjonar og vitna om at denne øya er blitt kalla Insula sanctorum, og kanskje det namnet kan bli ståande?

Vedavågen , den 30.03.89

Etter oppdrag frå ledaren i soknerådet,


Sigurd Helgeland.